



GRANFRØFELT: Granfrøfeltet skal liggja på Flætana, den skoglause teigen heilt nede til venstre i biletet.

FOTO: SVEIN ULVUND



KONGLE: Frøa sit i konglene.

FOTO: SKOGFRØVERKET



INSPEKSJON: Håvard Hageberg, tilsett i Skogfrøverket, i toppen av ei konglerik gran i Sanderud frøplantasje.

FOTO: SKOGFRØVERKET

Granfrø skal dyrkast i Granvin

Granvin er i ferd med å få etablert ein frøplantasje for gran, som skal sikra Vestlandet skog som gjev godt tømmer – om lang, lang tid.

Det norske Skogfrøverk er i ferd med å inngå avtalar med to grunneigarar om å leiga eit 100 dekar stort område til frøplantasje. Området som er valt ut ligg på Flætana, nær Trå og Holven. Om nødvendige løyve kjem på plass kan arbeidet koma i gang til våren. Men det vil framleis gå rundt 20 år før det kan haustast frø frå trea som har vakse opp.

På Vestlandet er det for tida ikkje frøplantasjar i produksjon. Skogfrøverket er på jakt etter nye stader, for å sikra at skognæringa får frø som er tilpassa klimaet i desse områda.

Sikring mot hjort

Frøplantasjeforvaltar Marte Fri-

FAKTA | SKOGFRØ

- Skogfrøverket, det vil seia stiftinga Det norske Skogfrøverk, skal forsyne heile landet med skogfrø.
- Tidlegare underlagt Landbruksdepartementet, no ei stifting eigd av Det norske Skogselskap.
- Driv skogplanteformidling, drift av frøplantasjar og innsamling, turking, rensing og sal av frø.
- Godt modna frø av gran og furu kan lagrast i 15-20 år.

berg Myre meiner dei har funne fram til eit område som eignar seg godt, med god jord og godt klima for frøproduksjon. Lokalt har Olav S. Haugse vore til stor hjelp i arbeidet med å finna fram til eit godt område. Området har tidlegare vore brukt til beite, og skal no ryddast for lauvskog. Det trengst også inngjerding for å hindra at hjort kjem inn i området.

I dette tilfellet trengst det lange leigeavtalar, på 50 år. Skogfrøverket søkjer no om konsesjon for desse avtalane.

– For oss er dette eit spennande prosjekt, der me skal få opp eit utval av avlstre som kan gje god tømmerkvalitet. Dette er nytt i arbeidet vårt, tidlegare har me stort sett foredla grana med tanke på god vekst. Her skal me også gå inn i stamma, og sjå kva kvalitet me kan få på sjølve tømmeret, seier Myre.

Både genbank og frøplantasje

I 2015 vart det sankt frø frå ein plantasje ved Årøy nord for Sogndal, for å laga materiale som skal brukast i den nye frøplantasjen. Jan Ole Skage i Skogfrøverket vil få tettast kontakt med den planlagde frøplantasjen i Granvin. Han opplyser at dei no sit att med 276 klonar i plantasjen ved Årøy. Dei hundre beste av desse vil følgja med til Granvin, og av desse att ynskjer

dei å bruka 60 i ein genbank, og 40 i frøplantasjen.

– For plantasjen på Årøy går kontrakta vår ut i 2020. Der har me opplevd at det er dårleg blomstring og lite konglesetjing. Difor flyttar me dette til Granvin, seier Skage, og legg til at utvalet dei har med seg er basert på at det skal gje god tømmerkvalitet.

For å koma raskt i gang med produksjonen, vil det verta produsert granplantar i potte, ved den tidlegare skogplanteskulen i Ulvik. Desse vert i neste omgang poda med podekvistar frå dei utvalde trea, neste vår. I frøplantasjen kjem det til å verta sett ut rundt 5000 podingar – med fire til seks meters avstand.

Dyrking som tek tid

– Dette er ikkje som eit vanleg plantefelt, her er det viktig at plantane får mykje lys og luft, seier Skage. Han legg til at plantematerialet dei kjem med

er «gamle» plantar, som ikkje treng like lang tid som ein ordinær granplante før den tek til å blomstra og setja frø. Podematerialet tek alderen med seg, så å seia.

– Skognæringa på Vestlandet har vore veldig interessert i denne etableringa. Det er eit svært langsiktig arbeid å driva med avl på gran, forsikrar Skage.

Skogfrøverket arbeider med å få på plass endå ein frøplantasje på Vestlandet, truleg i Suldal.

– Me ynskjer å halda oss i indre område, seier Marte Friberg Myre.

– I kystnært, fuktig klima vil ikkje grana blomstra så ofte som me ynskjer. Blomstring kjem heller når det er turrare, og grana reagerer på det med å setja blom, som for å sikra overleving for arten.

SIGRID SEIM | tekst
ss@avisa-hordaland.no

Fleire fjernsynskanalar til Vetleflaten

VOSS: Også på Vetleflaten omsorgssenter har det vore skrantet med fjernsynskanalar den siste tida. No skal ei mellombels løysing vera på plass over helga.

Voss kommune planlegg ei meir omgripande omlegging av fjernsynstilbodet for alle sine institusjonar. Men det tek tid, for her må ein ut og henta inn prisar, velja løysingar osv. Den siste

tida har det vorte kjent at Voss sjukeheim og rehabiliteringa på Hagahaugen har hatt minimalt med fjernsynskanalar å velja mellom. For ei veke sidan fekk Hordaland tips om at det ikkje stod stort betre til på Vetleflaten omsorgssenter.

Antennesentral

Voss sjukeheim og Hagahaugen har fått på plass nye antenne-

sentralar i påvente av den store omlegginga. Då Hordaland tok kontakt med kommunen torsdag, vart det sett i gang arbeid med å sikra Vetleflaten same tilbodet.

Ifylgje kommunikasjonsrådgjevar Tor Halvorsen i Voss kommune er det tinga ny antennesentral til Vetleflaten, og fredag middag kunne han melda at arbeidet med å montera ny an-

tennesignal på Vetleflaten tek til måndag. – Då vil brukarane på Vetleflaten få tv-signal som før.

Kommunikasjonssvikt?

Ut frå meldinga Hordaland fekk for ei god veke sidan, har brukarane på Vetleflaten omsorgssenter hatt eit særdeles magert fjernsynstilbod. Men då Hordaland kontakta Voss kommune torsdag føremiddag, hadde in-

formasjons- og IT-sjef Torbjørn Titlestad fått melding om tilstanden fyrst same morgonen. Kvar informasjonen har stogga, er ikkje så godt å seia.

Styrrar Mette Stark på Vetleflaten ynskjer ikkje å kommentera saka, men viser til kommunen sin IT-ansvarlege.

NILS KVAMSDAL | tekst
nk@avisa-hordaland.no